



Ida Hundhammer  
Bruvikvegen 97  
5286 HAUS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3049 - 23/12614

Saksbehandlar:  
Therese Lyngbo Iversen  
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:  
02.06.2023

## Førebels svar med trøng for tilleggsdokumentasjon - gbnr 66/1 Hundhammer

Tiltak: Oppføring av husvogn  
Eigedom: Gbnr: 66/1  
Tiltakshavar: Ida Hundhammer  
Ansvarleg søker: Ida Hundhammer

Kommunen syner til søknad motteke 21.10.2022 og vedtak i klagesak 24.05.2023, der det vart gjeve dispensasjon til tiltaket.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Kommunen ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dokumentasjon som syner fagleg vurdering knytt til snøskred og eventuell trøng for sikringstiltak, jf. byggesaksforskrifta § 5-4 tredje ledd bokstav g.
2. Avklaring med omsyn til krav om arkeologisk gransking av tiltaksområdet, jf. brev av 05.12.2022 frå Vestland fylkeskommune, jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 5-4 tredje ledd bokstav o og § 6-2.
3. Erklæring om ansvar for prosjektering og utføring av plassering av husvogn, installasjon av avlaupsanlegg og vass- og avlaupsleidningar, jf. forskrift om byggesak § 5-4 tredje ledd bokstav q.
4. Erklæring om ansvar for ansvarleg søker, jf. forskrift om byggesak § 5-4 tredje ledd bokstav q.
5. Oppdatert gjennomføringsplan, jf. forskrift om byggesak § 5-4 tredje ledd bokstav p.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.06.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurð dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkinger i saksgangen.

## Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

# Tore Johan Erstad leiар

Therese Lyngbo Iversen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

## Kulturminnerefagleg fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan - gnr. 66 bnr. 1 - Osterøy kommune

## Mottakrar:

Ida Hundhammer

Bruvikvegen 97 5286

HAUS